

# FORSKRIFT OM SKULEREGLAR OG SKULEDEMOKRATI I LUSTER KOMMUNE

*Heimel: Fastsett av kommunestyret i Luster kommunestyre den 20.06.2024  
med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa,  
opplæringslova § 10-7 Skoleregler og § 10-4 Skoledemokratiet.*

## § 1 Føremål – kvifor har me skuleregler

Forskrift om skuleregler skal bidra til at elevar i Lustraskulen har eit trygt og godt skolemiljø som fremjer trivsel, tilhørsle og læring.

Skulen er elevane og dei tilsette sin arbeidsplass. Difor oppfører me oss venleg og høfleg mot kvarandre. Elevane tek medansvar for eit trygt og godt skolemiljø. Særleg tek eldre elevar omsyn til dei som er yngre.

## § 2 Verkeområde – kvar og når gjeld skulereglane

Forskrifta gjeld for dei kommunale grunnskulane i Luster kommune. Skulane kan laga eigne reglar tilpassa den einskilde skule. Desse må vera innafor ramma av dei kommunale skulereglane.

Skulereglane gjeld på skulevegen, i skuletida og på aktivitetar, tilstellingar og turar som skulen står for. Skulereglane gjeld også i ventetida før eller etter skuletid. Uakseptable og krenkande handlingar som skjer via digitale rom på skulen sitt intranett, læringsplattform, SMS og sosiale medium vil kunne omfattast av reglane.

Skulereglane kan også koma til bruk utanfor skuletida gitt at åtferda til elevane har tilstrekkeleg tilknyting til skulen og at situasjonar der elevar krenker kvarandre fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen.

Skulereglane må sjåast i samanheng med kommunal prosedyre for eit trygt og godt skolemiljø.

## § 3 Organisering av skoledemokratiet

Kvar grunnskule skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skulen. Kvar grunnskule skal ha eit arbeidsutval (FAU) som er valt av foreldra på skulen. Elevane og foreldra skal vera representerte i samarbeidsutval (SU) og skolemiljøutval (SMU).

## § 4 Medverknad

Elevrådet skal ta aktivt del i utarbeidninga av skulereglane på den einskilde skule. Føresette skal sikrast medverknad. Skulereglane skal drøftast årleg i brukarorgana til skulen.

## **§ 5 Omsynet til elevane sitt beste og elevane sin rett til å verta høyrd**

I alle saker som vert handsama etter skulereglane skal omsynet til elevane sitt beste vera eit grunnleggjande omsyn. Skulen skal ivareta eleven sin rett til å verta høyrd i alle tilhøve som gjeld eleven.

## **§ 6 Kva rettar og plikter har du som elev**

Som elev har du krav på:

- at alle behandler deg på ein ordentleg måte
- at andre viser deg respekt og let dine eigendelar vera i fred
- at du skal vera fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing
- at du får eit godt lærings- og skolemiljø
- at lærarar og tilsette grip inn og reagerer mot mobbing

Som elev har du plikt til å:

- behandla andre på ein ordentleg måte
- visa andre respekt og la deira og skulen sine eigendelar vera i fred
- ikkje plaga, sjikanera eller mobba nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- arbeida for eit godt lærings- og skolemiljø

## **§ 7 Reglar om orden**

Orden dreier seg om førebuing, om å vera punktleg, arbeidsvanar og arbeidsinnsats.

Døme på god orden er å:

- møta presis til undervisning og avtalar
- ha med naudsynte læremiddel og utstyr
- gjera skullearbeidet så godt du kan og til rett tid
- halda orden på eigne saker
- ta medansvar for å halda skulen sitt inne- og uteområde reint og ryddig
- visa respekt for skulen og andre sine eigendelar
- følgja reglar for bruk av datautstyr og internett i Lustraskulen

## **§ 8 Reglar om åtferd**

Åtferd vert forstått som all åtferd på skulen, både mot elevar, lærarar og andre tilsette.

Døme på god åtferd er å:

- vera trivelege, høflege og hjelsame mot kvarandre
- følgja beskjedar frå tilsette, følgja med i timane og ikkje uroa undervisninga
- vera på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
- snakka til kvarande med respekt og utan banning og grovt språk
- visa omsyn og respekt for medelevar og tilsette
- visa nettvert og følgja skulereglane for bruk av mobiltelefon og datautstyr
- ikkje utsetja andre for mobbing eller andre krenkande ord og handlingar
- ikkje utøva eller truga med fysisk vald
- ikkje juksa på prøvar, eksamenar eller anna skullearbeid
- ikkje bruka eller ha med seg snus, røyk, e-sigarettar eller andre rusmiddel på skulen eller på skulen sine tilstellingar
- ikkje ta med eller bruka farlege gjenstandar eller gjenstandar som forstyrrar undervisninga

## **§ 9 Vurdering av orden og åtferd til elevane**

Grunnlaget for vurdering av orden og åtferd er om eleven opptrer i samsvar med § 6, § 7 og § 8 i dette reglementet.

Ved vurdering av orden og åtferd gjeld reglane om individuell vurdering i kapittel 9 i forskrift til opplæringslova.

## **§ 10 Mobiltelefon og anna digitalt utstyr**

Som hovudregel skal mobiltelefonar, smartklokke eller andre medium ikkje bringast med til barneskulen (1.-7. klasse). Om slike medium vert bringa med medan barnet er elev på ungdomsskulen skal det oppbevarast i mobilhotell eller på anna eigna stad inntil skuledagen er slutt. Berre etter avtale med lærar, rektor eller annan tilsett kan slike medium nyttast i undervisninga eller i friminutta. Det kan gjerast eigne avtalar med enkeltelevar som har trøng for tilrettelegging knytt til utfordringar med helse, fritidsaktivitetar på ettermiddag, sosial samhandling eller læring

## **§ 11 Reaksjonar ved brot på skuleregler**

Ved vurdering av reaksjonar mot eleven skal det takast utgangspunkt i barnets beste. Alle reaksjonar skal vera tilpassa alvoret i saka, alderen, føresetnader, utvikling og modenheita til eleven. Det skal leggjast vekt på eleven si vilje til å retta opp følgjene av regelbrotet, og det skal vera eit forholdsmessig samsvar mellom regelbrotet og reaksjonen.

Følgjande reaksjonar kan nyttast ved brot på skulereglane:

- rettleiing av eleven, med vekt på positiv, ønska åtferd
- tilsnakk eller irtettesetting frå lærar eller ein annan vaksenperson
- munnleg eller skriftleg åtvaring
- merknad
- munnleg eller skriftleg kontakt med heimen og involvering av føresett
- pålegg om oppgåver for å retta opp skade som er påført skulen sin eigedom eller eigendalar
- bortvising frå aktivitetar eller tilstellingar dersom åtferda til eleven tilseier det
- annulling av prøvar, dersom eleven vert teken i juks

Dersom ein elev alvorleg eller fleire gonger bryt skulereglane, kan det føra til desse reaksjonane:

- bortvising frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar
- bortvising resten av dagen på 1.-7. trinn ved fleire eller grove brot på reglementet.  
Føresette skal få melding før ein elev på barneskulen vert vist bort for resten av dagen
- bortvising inntil til tre dagar på 8.-10. trinn ved fleire eller grove brot på reglementet.  
Føresette skal om mogleg varslast i forkant av bortvisinga.
- skulebytte mellombels eller permanent
- setja ned character i orden og åtferd. Dette må vedtakast av rektor i eit enkeltvedtak

- avbroten skuletur og attendeføring til ordinær undervisning
- rusmiddel og gjenstandar som kan skada andre eller forstyrra opplæringa kan inndragast av skulen og eventuelt overleverast til politiet

Eleven pliktar å følgja ilagte reaksjonar. Dersom eleven ikkje rettar seg etter reaksjonane, kan eleven ileggjast nye reaksjonar.

### **§ 12 Sakshandsaming ved bruk av reaksjonar**

Ved bruk av reaksjonar gjeld følgjande sakshandsamingsreglar:

- Skulen skal syta for at avgjerda vert teken på eit forsvarleg grunnlag. Eleven har rett til informasjon om korleis skulen ser på brotet og korleis skulen har tenkt å handtera det
- Eleven har rett til å forklara seg munnleg og gje uttrykk for synspunkta dine til den som skal ta avgjerda. Skulen skal syta for at situasjonen vert opplevd som trygg fore eleven
- Reaksjonar skal grunngjenvast slik at eleven forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagera på dette
- Eleven skal, viss det er mogleg, få høve til å utbetra skader, til dømes ved hærverk
- Kun reaksjonar som følgjer av lov eller av skulereglane kan nyttast. Alle tiltak ved regelbrot skal fastsetjast i reglane til skulen
- Føresette skal så langt det er hensiktsmessig og til barnet sitt beste varslast før skulen treff ei avgjerd om ein inngripande reaksjon
- Rektor treff avgjerd om bruk av reaksjon. Tilsette ved skulen treff avgjerd om reaksjon innafor ramma av det rektor har delegert
- Bortvising skal kun nyttast i særskjeldne og alvorlege tilfelle. Ved bruk av bortvising eller skulebytte som reaksjon, skal sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova følgjast
- Det er kommunalsjef oppvekst som handsamar og gjer enkeltvedtak om eventuelt skulebytte i form av pålagt flytting til annan skule

### **§ 13 Melding av straffbare tilhøve**

Straffbare tilhøve skal meldast til politiet.

### **§ 14 Erstatningsansvar**

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan føresette verta erstatningsansvarlege etter skadeserstatningslova § 1-1 og § 1-2.

### **§ 15 Verknadsdato**

Denne forskrifta trer i kraft frå 1. august 2024. Samstundes vert *Ordens- og åtferdsreglar for grunnskulane i Luster (basisreglement)* vedteke av rådmannen 10. april 2018 oppheva.

Endring av forskrifta vert vedteke av kommunestyret.

